


Askvoll IL orientering
har gleda av å invitere til



Noregs vestlegaste o-løp, med tre løp på Værlandet

fredag 25. april, laurdag 26. april og søndag 27. april



Redigert innbyding 22.04.25

Om arrangementet

Arrangøren ønsker å tilby eit kompakt arrangement i spektakulære omgjevnader, på ei øygruppe heilt yst i havet i Askvoll kommune. Start, mål, samlingsplass, overnatting og tilbod om mat, vil vere så å seie på same plass, og du kan reise hit utan bil. Det vil bli arrangert o-leirar for barn og ungdom, og høve til å møtast på konsert på laurdagskvelden for dei vaksne. O-terrenget er ei blanding av myrar, småvatn og bergknausar av konglomerat. Dyretråkk og stiar gjer løpbarheita god.

Værlandet og Bulandet

Øyriket Bulandet og Værlandet er Noregs vestlegaste busette samfunn. Øygruppene er bunden saman av vegen Nordsjøporten. På Værlandet bur det om lag 200 innbyggjarar og på Bulandet, som omfattar 365 øyar og hav rundt 260 innbyggjarar. Fiske og oppdrett er viktigaste næringa, i tillegg til reiseliv og eksport av naturstein. Øysamfunna har eigen skule for 1.-10. trinn. Denne ligg på Bulandet. Det finns døgnopen daglegvarebutikk på Værlandet og Bulandet.

På Bulandet og Værlandet er det fint å padle, sykle og fiske. Jokerbutikken på ferjekaia på Værlandet har sykkelutleige. Det er også høve til å leige kajakk, båt eller skysståt, til dømes om ein vil bestige «Noregs hest» på naboøya Alden. På Værlandet er det fleire merka turstiar, mellom anna Nordsjøløypa og til Høgkletten. På Høgkletten, 163 moh, har du ein fantastisk utsikt over øyriket rundt, innover mot fastlandet og sjølv Atlanterhavet. Er det vindstilt kan du sjå boreplattformer i Nordsjøen.

På arena dei to første dagane er det kort veg til badebass og på Bulandet kan du teste den nyopna symjehallen. Landøy Brimmen stein har utstilling og sal av stein frå steinbrotet på Værlandet rett før samlingsplass søndag, og eigar seier dei alltid har ope.

Les meir om øysamfunna: [Værlandet og Bulandet - Fjord Norway](#)
[Destinasjon Vest – Opplevelser på Værlandet og i Bulandet](#)

Korleis kome seg hit?

For å kome til Værlandet tar ein ferje i om lag ein time frå Askvoll sentrum. Det er 1,5 km frå ferjekaia til samlingsplass på Værlandet Gjestehim to av dagane, og 4,5 km frå ferjekaia til samlingsplass søndagen. Arrangøren tilpassar arrangementet etter ferje- og hurtigbåttidene. Starten fredag tar utgangspunkt i ferja som går frå Askvoll kl. 1915, og søndag kan du rekke retur kl. 12. Sidan det er avgrensa plass på ferja oppmodar vi om å vere tidleg på plass i ferjekøa, og gjerne ta ei tidlegare ferje fredag og seinare ferje søndag.

Ein kan reise hit utan bil, til dømes med hurtigbåt frå Bergen fredag kl. 1630. Hurtigbåten korresponderer med ferja vidare kl. 1915. Søndag kan du ta ferja kl. 1615 og hurtigbåt kl. 1743. Om ein vil kome med fritidsbåt, er det 1 km frå gjestehamna til samlingsplass.

Rutetider:

Ferje Askvoll – Værlandet: [Askvoll-Fure-Værlandet - Fjord1](#)

Bergen-Askvoll: [Rutetider Vestland \(tidligere Sogn og Fjordane\) - Norled](#)

Overnatting

Arrangøren har reservert all overnatting ved Værlandet Havhotell og Værlandet Gjesteheim og bubilparkering, slik at flest mogleg kan bu nærast mogleg samlingsplass. På samlingsplass er det bubiloppstilling og høve til å setje opp telt.

Samstundes med løpa arrangerer Førde IL ulike leirar; o-trolleir for barn mellom 8-12 år, ungdomsleir for ungdom mellom 13-18 år og ungdom mellom 19-25 år. Påmelding til desse leirane vert gjort gjennom eige arrangement i Eventor. Kontakt Knut Even Hole dersom barn/ungdom frå andre krinsar ønsker vere med.

Kontakt Knut Even Hole for overnatting på gjesteheimen og havhotellet, knuteh@hotmail.com, mobil: 90201994. På gjesteheimen vil o-leirane ha første prioritet, elles er det først til mølla som gjeld.

Værlandet Gjesteheim: [Overnatting på Værlandet - Værlandet Gjesteheim](#)

Værlandet Havhotell: [Værlandet Havhotell](#)

Det finns fleire overnattingshøve på Værlandet og Bulandet. Desse finn du på Airbnb og Finn, samt Destinasjon Vest og Bulandsferie. Arrangøren oppmodar om at de er tidleg ute med å bestille overnatting.

[Bulandsferie - Overnatting i Rorbu Sjøhus Leiligheter i Bulandet | Vestland](#)

[Oversikt overnatting – Destinasjon Vest](#)

Kafè, restaurant og daglegvare

På samlingsplass fredag og laurdag (pluss søndag same stad) vil det vere høve til å kjøpe thaimat frå matvogn. Hamnaholmen er ein koseleg kafè/restaurant/pub på gamlekaia i Værlandet, og ope laurdag kl. 18-24 (pizza kl. 18-21) og søndag kl. 13-17 (pizza kl. 13-17). På laurdag held Værlandet gjestehamn ope, og serverar fiskesuppe frå kl. 16-20.


Joker Værlandet er ope fredag og laurdag kl. 07-23 og Joker Bulandet same dagar frå kl. 06-00.

Løpsterreng

På Værlandet er terrenget ei blanding av myrer med dyretråkk, småkuperte bergknausar av konglomerat og blanda vegetasjon. God sikt og relativt god løpbarheit. På enkelte av løpa vil de springe gjennom korte parti med busetting og vegnett.

Dei to første løpa vil ha samlingsplass på Værlandet Gjesteheim. Dette er same arena som ein hadde i 2014 under Fjord-o. Den gangen med 830 løparar til start.

Søndagen vert samlingsplass ved plattformen til ei tidlegare Loran-C mast, tre kilometer vestover. Her vil de få springe i eit område som ikkje har vore nytta til konkurransar før. Her vil de møte same type terreng som på dei to første løpa, i tillegg til eit område med høge bergknausar og små smau ein skal orientere seg mellom.



Utsnitt kart fredag og laurdag



Utsnitt kart søndag

Fredag 25. april

Samlingsplass: Værlandet Gjesteheim, 1 km frå Værlandet ferjekai.

Start: Fri start på samlingsplass mellom kl. 20.30- 22. Kl. 2130 byrjar det verte utfordrande å lese karet utan lykt. Det er ikkje refleksar på postane. Det er også høve til å starte seinare og springe med lykt dersom ein kjem med siste ferja, men gje då beskjed til arrangøren i forkant.

Laurdag 26. april

Samlingsplass: Værlandet Gjesteheim, 1 km frå Værlandet ferjekai.

Start: Første start kl. 11.00. Nybyrjarar kan starte frå kl. 1030, eller etter meldt behov for tilpassing. 5 minutt å gå til start.

Søndag 27. april

Samlingsplass: Ved tidlegare Loran-C på Værlandet, merka frå veg 5663. 4,5 km frå Værlandet ferjekai og 3 km frå Værlandet gjesteheim.

Start: Første start kl. 1000. Nybyrjarar kan starte frå kl. 0930, eller etter meldt behov for tilpassing. 5 minutt å gå til start.

Felles informasjon for alle løpa

Kart: Værlandet. Revidert våren 2025. Målestokk: 1:7500, ekvidistanse: 5 m.

Klassar	Løypelengder	Nivå
D 17-18, H 17-18, D 19, H 19, D 40, H 40, AL-open	Dag 1: 4,6 km Dag 2: 4,8 km Dag 3: 5,0 km	A
D 15-16, H 15-16, D 50, H 50, D 60, H 60 AK-open	Dag 1: 4,1 km Dag 2: 4,0 km Dag 3: 4,2 km	A
D 13-14, H 13-14, D 70, H 70, D 80, H 80 B-open	Dag 1: 3,1 km Dag 2: 3,1 km Dag 3: 3,0 km	B
D 11-12, H 11-12, C-open	Dag 1: 1,8 km Dag 2: 1,7 km Dag 3: 2,1 km	C
D 9-10, H 9-10, N-open	Dag 1: 1,2 km Dag 2: 1,7 km Dag 3: 1,2 km	N

Det er lov med samspringing, skygging og følge på N- og C-løyper. Kart vert delt ut på samlingsplass for N- og C-løyper. Løperar i D/H 11-12 får starttid, men kan starte på anna tidspunkt.

- Premiering:** Premie til alle deltakarar opp til 12 år, for løperar i C- og B-open premie til alle under 16 år, 1/3 i klassane D/H15-16, D/H17-19 og D/H19-, i andre klassar premie til vinnarane.
- Sanitæropplegg:** Toalett på arena. Dusj på arena fredag og laurdag. Truleg høve til å dusje same stad søndag.
- Kiosk:** På samlingsplass fredag og laurdag vil det vere høve til å kjøpe thaimat frå matvogn. Kort veg til Joker Værlandet. Open kl. 07-23 fredag og laurdag.
- Småttroll:** Nei, men høve til å nytte N-løypene.
- Barnepark.:** Meld behov til løpsleiar før 23. april.
- Påmeldingsavgift:** 17 år og oppover kr 150,- D/H 15-16 kr 80,- Leige av brikke kr 25,-. Etterpåmelding kr 70,- som tilleggskontingent. Faktura for startkontingent blir sendt til laga etter løpet.
- Påmelding:** På Eventor. Påmeldingsfrist måndag 21. april, kl. 2359. Etterpåmelding på Eventor fram til 25. april, kl. 15, etter det på arena inn til 1 time før start.
- Løpsleiar:** Gøril Fristad, tlf. 92641210.

Teknisk ansvar og påmelding: Edvin Helle, tlf. 90064632, e-post: edvin@siehelle.no

Løypeleggar: Gøril Fristad

Kontrollør: Jakob Skogan Kalvig, Sogndal IL



Forklaring løypenivå

LØYPE - NIVÅ	Forklaring	Tilleggsopplysninger
GRØNN	N1-løype Nybegynner (veldig lett) Har et opplagt veivalg langs sammenhengende ledelinje av typen vei, sti, bekk, gjerde. Alle poster skal ligge på eller rett ved ledelinje og i skifte av ledelinje der dette ikke er tydelig i terrenget. Merking av strekk bør benyttes der det ikke er tydelig ledelinje.	Passer for alle som er nye i orientering. Klasse N-åpen skal tilbys N1 løype. Dette er enkleste løype, spesielt tilpasset nybegynner barn.
BLÅ	C-løype Avansert begynner (nokså lett) Følger stort sett ledelinjer, men enkelte steder forventes løperen å forlate ledelinjen. Kan ha noen strekk med veivalgsmuligheter. Poster kan henge 100 – 150 meter vekk fra ledelinjene på tydelig detalj. Bør ha en god oppfangende front og skal ha en tydelig oppfanger bak posten.	Passer for alle som har litt erfaring med orientering og behersker nybegynnerløyper.
RØD	B-løype Den kompetente /øvet (middels vanskelig) Må kunne orientere uten ledelinjer og krever forståelse av høydekurver og finorientering inn mot postene. Det skal være en sikker oppfangende detalj bak posten (100-200 meter). Posten skal ligge på tydelig detalj.	Passer for alle som har en del erfaring med orientering og behersker løyper på C-nivå.
SVART	A-løype Erfaren Kan være krevende orientering, uten tydelige detaljer på strekket eller nær posten. Bør beherske alle orienteringsteknikker.	Passer for alle som har god erfaring med orientering og behersker løyper på B-nivå.